



# Asylborna skal bli!

**Taler**

Oddny Miljeteig

**Dato**

12 januar 2013

**Sted**

Torgallmenningen, Bergen

**Omstendigheter**

Fakkeltog til Korskirken

- 1 Jesus var også eit flyktningebarn. Vår del av verdas mest kjende flyktningebarn.

- Kjære alle saman. I dag handlar det om borna. Om 544 born nett no. Dei lengeventande asylborna. Dei som har venta meir enn tre år. Dei som slik sett er  
5 i same båt som dei som i Stortinget i 2004 fekk eit så godt som amnesti, og som dei som i 2007 fekk nesten så godt som amnesti.

- I dag skin sola over Bergen. Dagane blir lengre. Våren er i emning. I dag er det markeringar 22 stader i Bergen for dei lengeventande asylborna. Er det ein  
10 asylpolitisk fønvind som byggjer seg opp for borna?

- Ein rettferdig asylpolitikk. Kor mange gonger har vi ikkje høyrte det? Rettferdig og konsekvent? Kjære alle saman, la oss erobra språket og forståinga: Det finst ikkje rettferd utan humanitet -- skreiv Roar Abrahamsen, leiar for Avd. 5 i  
15 Fellesforbundet heilt nyleg. Nei det finst ikkje ein rettferdig asylpolitikk utan humanitet. Eg vil ha ein rettviss asylpolitikk -- ein asylpolitikk kjenneteikna av human rettvis. Og konsekvent. Eg vil ha ein asylpolitikk som konsekvent set borns interesser fyrst. Kan det vera for mykje forlangt? Kan vi i det heile kjempa for eit solidarisk samfunn om vi ikkje set borns interesser fyrst? Kan vi i det heile  
20 tala om konsekvens i samanheng med born utan å setja borna fremst? Nei. Så la oss erobra språket -- og erobra asylpolitikken.

- Eg er heldig. Kyrkja mi, partiet mitt og forbundet mitt står alle bak asylbarnaksjonen i dag. Og uendeleg mange fleire. Så langt er det likevel ikkje  
25 nok for å få gjennomslag for asylborna. Den humane asylpolitikken vann i Soria Moria 1 i 2005, men har tapt sidan 2008, om enn med einskilde unntak. Og det nyttar altså ikkje for SV å gå til Stortinget -- eg trur på mirakel, men eg ser

30 jarntriangelet i norsk asylpolitikk, Høgre, FRP og AP -- i overveldande Stortingsfleirtal.

Høgsterettsbehandlinga av to asylbornsaker før jul var ikkje ei avgjerd i human lei. Fleirtalet i Høgsterett fylgde ikkje sin justitarius, og jussprofessor Bernt ved UiB tok i bruk dei sterkaste ord eg har sett han bruka. Takk og lov for Bernt og  
35 mindretalet i Høgsterett. Men det er ikkje nok. Oppmjukingane ved Stortingsmeldinga «Barn på flukt» var heller ikkje nok til at Høgsterett tok ei avgjerd på borna, enn seia barnekonvensjonens, premissar.

I Korskirken i dag må vi seia det som det er, utan omskrivingar: det er  
40 Arbeiderpartiet som sit med nøkkelen til ein rettviss politikk overfor asylborna. Eg ser Venstre og KrFs ferske forslag til Stortinget om forskriftsendring slik også -- dei seier dei vil hjelpe SV med å snu AP, dei trur altså ikkje at det er Høgre og FRP som kan snuast. No seier AUF at dei vil ta omkamp i AP for born -- måtte de vinna! AP og SP i Bergen er med her -- ære vere dåkon, og lukka til for å snu  
45 moderpartia! Eg oppmodar LO på det sterkaste til å ta vårens fremste rettferdskamp, kampen for asylborna -- for ingen i Noreg har større styrke enn LO når LO legg breisida til.

Og eg har ein bodskap til oss alle her: det er ikkje å kvila ein einaste dag før vi har  
50 fått gjennomslag. Vi som i dag står opp for asylborna, vi har aksla ansvaret, uansett parti eller organisasjonstilhøyrslø eller kyrkjetilhøyrslø. Kampen for asylborna er vår kamp, ein sak vi ikkje kan overlata til andre -- og borna er her no. Dei har ikkje tid å venta. Livet deira er no -- framtida deira startar kvar morgon.

55 Vi er midt i striden, vi veit ikkje når vi vinn, men vi veit at vi ikkje gjev oss før vi vinn. Det må vi lova kvarandre i Korskirken i dag, og frå markering til markering over heile landet. Vi gjev oss ikkje, vi skal vinna, for vår eiga sjølvrespekt, for humaniteten og rettferda -- asylborna skal bli!

60

#### Kilde

Oddny Miljeteigs private arkiv

#### Emner

Appell, Asylborna, Asylpolitikk

65

#### URI

70

75

80

85

90

95

100

105